



2009 05410 -25  
Kul Anne Kåre Holand

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

## Surnadal kommune

### Svorka kraftverk - høyring av revisjonsdokument

Vi viser til brev 16.06.2015.

Brevet gjeld revisjon av vilkåra til konsesjonane i Kgl. res. av 18.12.1959: Regulering av Svorka og Lille Bævra og overføring av Lille Bævra og Brandåa. Føremålet med revisjonen er å betre miljø- og naturtilhøva ved å avbøte ulemper og negative verknader ved utbygginga. Revisjonen opnar for å vurdere endring i manøvreringspraksis, biotopjusterande tiltak og kultivering.

Miljødirektoratet påla regulanten å utføre ferskvassbiologiske granskningar i Bævra-vassdraget. Dette er no utført av Norsk institutt for naturforskning (NINA) i perioden 2005-2013. Feltstudiet viste negative konsekvensar for laks, sjøaure og botndyr i Bævra og for fisk knytt til magasina og elva Svorka på Nordmarka. Resultata som ligg føre etter granskningane er relevante i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra.

Fylkesmannen vil ikkje gå i faglege detaljer omkring dei mange ganskningane som er ligg føre. Om det viser vi direkte til fagrapportane. Vi vil her i stikkordform peike på sider ved reguleringa som grip inn i det biologiske mangfaldet i vassdraget slik det no er kome fram i NINA sin omtale av tilhøva. Vi vil trekke fram følgande og som vil kunne bidra til å styrke vassdragsøkosystemet og gi grunnlag for å utvikle viktige, lokale bestandar av fisk:

- redusere effektkjøyring av kraftstasjonen
- installere ventil for forbislipping av vatn ved Svorka kraftstasjon
- utvikle dei fysiske tilhøva for betre oppgang av fisk forbi utløpet av Svorka kraftstasjon og vidare oppstraums i Bævra
- etablere minstevassføring i Bævra oppstraums Svorka kraftstasjon for å kunne styrke/sikre tilhøve for produksjon av næringsdyr og ungfisk
- biotopjusterande tiltak i kanalisert del av Bævra
- biotopjusterande tiltak i Svorka på strekninga mellom Geitøyvatnet/Andersvatnet og Langvatnet
- mindre nedtapping av magasina om sommaren

Med dette meiner Fylkesmannen det er maktpåliggande å justere/endre konsesjonen i ei retning som her er nemnd og som vil sikre/styrke dei vassdragsøkologiske rammevilkåra i vassdraget betre enn tilhøva er i dag.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef

Leif Magnus Sættem

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*